

HJARTDAL HISTORIELAG

Bli med til
Bondal i
sommar!

Side 11




Nye vedtekter
for laget

Side 6

Tov Reisjå-
prosjektet er i mål

Side 2



Skinnbrev frå Tov Reisjås samling

Tov Reisjås samling – avslutning av arbeidet med å sikre materialet for ettertida.

Som mange no veit, har Hjartdal historielag arbeidd for å sikre den verdifulle samlinga av etterlatne papir og fotografi etter Tov Reisjå.

Arbeidet vart avslutta med ein foto- og gjenstandsutstilling i Hjartdalsbanken. Utstillinga vart opna av ordførar Bent Halvard Odden 11.november 2015. Tilstades var også Kjetil Djuve og Guro Nordby frå Norsk industriarbeidermuseum (NIA)

på Vemork. Det må også nemnast at Guro Nordby hadde ansvaret for utstillinga som femna bilet og etterlatne skriv, samt eit gammalt fotoapparat etter Tov Reisjå.

Etter opninga var det bevertning og Ivar T. Dahl fortalte om Tov Reisjå og samlararbeidet hans. Mange fekk sjå utstillinga som var tilgjengeleg i banken til uti januar 2016.

Materialet er no katalogisert og ligg tilgjengeleg på nettet. Alle kan søke det opp på Arkivportalen.

Materialet ligg på NIA og alle som vil kan reise dit å sjå samlinga. Ein bør ta kontakt med museet på førehand, slik at det ein vil sjå kan bli henta fram frå arkivet.



Guro Nordby og Kjetil Djuve framfor utstillinga i banken

Bygdemylla i Hjartdal.

Bygdemylla ved Egderudfossen i Hjartdal er den einaste mylla som er i bruk i Hjartdal i dag. Her er dei gamle myllesteinane framleis i bruk, men no vert dei drivne av straum og ikkje av vatn som tidlegare. Men elles er prosessen den same.

Historielaget har vore i kontakt med styret for mylla som gjerne vil vise korleis prosessen frå kønn til mjøl foregjeng. Så utpå hausten vil vi forsøke å skipe til eit arrangement som vil medverke til at minne om desse viktige kulturinstitusjonane vert halde vedlike. Det kjem annonser i *Bygdebladet* og *Telen*.

Vi minner om at du kan lese ein stor artikkel om mylla i årbok nr.4 2014.

Æresmedlemmer i Hjartdal historielag

Historielaget har hatt ett æresmedlem frå tidlegare, Alf Mostue blei utnemnt som æresmedlem på årsmøtet i 1997. Alf Mostue er kjent for innsamlingsarbeidet sitt for Arbeiderbevegelsens arkiv og Norsk Folkemuseum og for innsamling av minne frå livet til husmannsfolk, tenestefolk og vanlege arbeidsfolk på landsbygda. Han har gjeve historielaget i gáve ei stor samling av stadhann frå Tuddal og fleire timer med intervjuoptak med kjente tuddølar. Han har også skrive av den første, nesten uleselege formannskapsprotokollen til Hjartdal kommune. Alf Mostue er forfattar av boka; *Slik var hverdagen*, og fekk i 1989 Kongens fortjenstmedalj for historiearbeidet sitt. Han døde i 1998.

På jubileumsfesten sist haust blei det utnemnt tre nye æresmedlemmar i Hjartdal historielag; Ivar T Dahl, Torkel Hytta og Leif Skoje. Alle tre har utmerka seg med ein framifrå innsats for lokalhistoria i hjardalsbygdene.

Ivar T Dahl er ein person som er levande interessert i lokalhistorie og vern av kulturminne og bygdekultur. Han har vore formann og medlem av styret i Tuddal Bygdetun og vore styremedlem i historielaget i fleire år. Og kanskje det største og viktigaste av alt; han har gjeve oss 4 kulturhistoriske praktbøker og sørga for at den folkelege kulturarven frå bygdene våre ikkje blir gløymt. Bøker vi vil ha stor glede av i mange år framover.

Torkel Hytta har mykje av æra for at historielaget kunne feire 25 års jubileum i 2015. Han har vore formann og leiar i heile 18 av dei 25 åra og det seier seg sjølv at han da har vore med på det meste som har skjedd i historielaget. Torkel Hytta er forfattar av boka *Skog og skogbruk i hjardalsbygdene* og er ein aktiv artikkelforfattar i årboka vår. Han var


hovudpersonen bak det lokalhistoriske kartet over Sauland og er eit aktivt medlem av kalendernemnda og ein ivrig pådrivar i registreringa av gamle husmannsplassar i kommunen.

Leif Skoje er nok den personen vi trygt kan kalle sjølv grunnleggaren av Hjartdal historielag. Han har i alle historielagets 25 år vore i sentrum for aktivitetene i laget. Leif Skoje er medforfattar for utvandringsboka "... for at finde en blidere Skjebne" og har stått bak redigering og utforming av jubileumsboka til Hjartdal Skogeierlag. Også bøkene til Svein Vettle Trae har han vore mykje med på. Han har laga og redigerer historielagets nettsider og er hovudarkitekten i utforminga av årboka vår. Og ikkje minst er han ei solid fagleg støtte for styret i dag.

Æresmedlemane fekk eit diplom som eit synleg bevis på æresmedlemskapet med påskrifta; *for særsgodt lokalhistorisk arbeid*. Diplomet er laga av kunstnaren og kalligrafen Borghild Telnes frå Seljord og er laga etter inspirasjon frå Olav Hansson i Kleppenstugu i Sauland.

Gratulerer alle tre!

Svein Bakkalia



Referat frå årsmøte i Hjartdal historielag 2016

Møtet vart halde på Løvheim i Sauland, onsdag 9.mars 2016.
32 medlemmar møtte.

Sak 1: Åpning.

Svein Bakkalia ynskte alle velkommen til årsmøte i Hjartdal historielag.

Sak 2: Godkjenning av innkalling og saksliste.

Innkalling og saksliste vart einstemmig godkjent.

Sak 3: Val av møteleiar og referent.

Forslag på møteleiar: Svein Bakkalia

Forslag på referent: Torgunn Opsal.

Begge vart einstemmig valde.

Sak 4: Årsmelding for 2015.

Torgunn Opsal las styret si årsmelding.

Kommentarar til årsmeldinga:

Under saka Mølla nye bruk, er det

ein feil når det gjeld datering. Møte er datert 28.04, brevet frå Runar Lia er også datert 28.04 Her er noe feil og det må rettast opp.

Med denne kommentaren blei årsmeldinga einstemmig godkjend.

Sak 5: Rekneskap.

Torkild Mosebø la fram rekneskapen for 2015.

Rekneskapet er revidera av Ingebjørg Frøland Hagen.

Rekneskapet vart einstemmig godkjend.

Sak 6: Forslag til auke i medlemskontingenten.

Svein Bakkalia la fram styret sitt forslag til medlemskontingent.

Forslag: Medlemskontingenten aukast til 300,-kr.

Forslaget vart einstemmig godkjend.



Sak 7: Budsjett for 2016.

Torkild Mosebø la fram og kommentera forslag til budsjett for 2016.

Budsjett for 2016 vart einstemmig godkjend.

Sak 8: Nye vedtekter for Hjartdal historielag.

Styret la fram forslag til nye vedtekter. Det er kome inn eit forslag om å ta inn eit punkt til i vedtektena.

Forslaget gjeld

§2- Medlemskap.

Enkeltpersonar og organisasjonar kan løyse medlemskap og har stemmerett i Hjartdal historielag. Organisasjonar utnemner sin representant med stemmerett til historielagets medlems-/årsmøter. Ektefeller eller sambuarar kan løyse eit felles medlemskap i Hjartdal historielag, og begge har stemmerett. Alle har fulle medlemsrettar når medlemkontingensten er betalt.

Forslaget vart tatt inn i vedtektena som §2.

Dei andre paragrafane fylgjer kronologisk etter denne.

Det kom eit tilleggsforslag til §7 (ny §8), Opplysing av laget.

Forslaget kom frå Halvor Langåsda- len og gjekk ut på at dersom laget skal opplystsast, må det stadfestas av eit ekstraordinært årsmøte.

Vedtaket må fattast med 2/3 fleirtall og vere einaste sak på møtet. Fleire gav sitt samtykke til forslaget.

Vedtak: Årsmøtet ber styret om å innarbeide forslaget i vedtektena og legge saka fram på neste årsmøte.

Sak 9: Val.

Svein Bakkalia hadde fått valkom- teenes forslag til nytt styre.

Han la saka fram for årsmøtet.

På val som styremedlemmar var:

Borghild Hovde Brennekåsa, Gun- vor Prestårhuis og Audun Solberg. Alle tri hadde sagt ja til å bli vald på nytt.

På val som vara til styret var: Torkel Hytta.

Han hadde sagt ja til å bli vald på nytt.

Medlem til valkomiteen: Svein Erik Sletta.

Han hadde sagt ja til å bli vald på nytt.

Det blei stemd og alle vart vald ein- stemmig valde.

Nytt styre blir:

Svein Bakkalia, leiar

Torgunn Opsal, styremedlem

Gunvor Prestårhuis, styremedlem

Torkjell Tjønn, styremedlem

Audun Solberg, styremedlem

Borghild Brennekåsa, styremedlem

Torkild H. Mosebø, varamedlem og kasserar

Torkel Hytta, varamedlem

Valkomite: Ivar T. Dahl, Anne Tone Larsen og Svein Erik Sletta

Sak 8:Avslutning.

Svein Bakkalia avslutta årsmøtet og takka for framme, samstundes som han introdusera kveldens kåsør, Anders Kvåle Rue.

Så vart der servera kaffi, smørbrød og kake.

Etter det synte Anders Kvåle Rue bilete og fortalte om arbeidet sitt med å illustrera *Flatøybok*. Det var særskilt interessant og lærerikt for alle som var tilstades.

Svein Bakkalia avslutta kvelden med takka Kvåle Rue for eit fint foredrag og gav han ei årbok frå historielaget.

Vedtekter for Hjartdal historielag

vedtatt på årsmøtet 2016

§1 - Føremål

Hjartdal historielag skal ha til føremål å vekke, auke og spreie interessa for fortida til bygdene Hjartdal, Sauland og Tuddal.

Laget skal legge vekt på at bygdehistoria blir sett i samanheng med annan historie og med dei samfunnstillhøva vi har i dag.

Laget skal ta vare på lokalhistorisk kunnskap og materiale og arbeide for vern av kulturminne.

§2 - Medlemskap

Enkeltpersonar, ektefeller eller sambuarar og organisasjonar, kan løyse medlemskap i Hjartdal historielag.

Ektefeller eller sambuarar har begge stemmerett. Organisasjonar vel ein representant med stemmerett.

Alle har fulle medlemsrettar når medlemskontingent er betalt innan fristen.

§2 - Årsmøtet

Årsmøtet skal haldast kvart år før 1.april og innkallast seinast 14 dagar før.

Forslag skal vere hos styret seinast 1 veke før årsmøtet.

Årsmøtet skal godkjenne styrets års melding og årsrekneskap, og velge styre med leiar og styremedlemmer.

Årsmøtet skal også velge varamedlemmer og valgkomite og utnemne ein revisor utanom styret.

Alle bør velgast for 2 år om gongen. Omlag halvparten av styret og omlag halvparten av valgkomiteen skal vere på valg på same tid.

Medlemskontingennten skal fastsettast av årsmøtet.

§3 - Styret

Styret bør ha representantar frå ulike delar av kommunen, ulike aldersgrupper og begge kjønn.

Styret konstituerer seg på fyrste styremøte etter årsmøtet.

Styret skal ha 6 medlemmer og 2 varamedlemmer.

Minst 4 styremedlemmer må vere til stades for at vedtak kan bli fatta. Leiaren har dobbelstemme ved likt stemmetal.

§4 - Styrets oppgaver

Styret har ansvar for god aktivitet i laget, skal innkalle til møte og halde medlemmene informert om arbeidet sitt.

Styret skal dokumentere aktiviteten i laget, føre protokoll frå styremøta, arkivere viktige styrepapir, føre årsrekneskap og krevje inn medlemskontingenten.

§5 - Andre organisasjonar

Laget skal vere medlem av Landslaget for lokalhistorie, og der det er naturleg, samordne arbeidet sitt med Telemark historielag og andre lokale historielag.

§ 6 - Vedtektsendring

Skal vedtekten endrast, må dette vedtakast på årsmøte med 2/3 fleirtal.

Forslag til endringar må sendast via styret og gjerast kjent for medlemmenne seinast 14 dagar før årsmøtet.

§ 7 - Opplysing

Skal laget opplystsast, må dette vedtakast på årsmøte med 2/3 fleirtal.

Forslag om opplysing må sendast via styret og gjerast kjent for medlemmene seinast 14 dagar før årsmøtet.

Ved opplysing skal Hjartdal kommune overta det som laget eig, og disponere dette etter rådføring med Norsk Industriarbeidermuseum og Landslaget for lokalhistorie.

Samarbeid med nabolag



Leiar i Gransherad historielag, Per Olav Gunnes ynskjer velkommen og orienterer om huset på Tjonebakken

Etter et initiativ fra Gransherad historielag blei det 25.oktober 2015 gjennomført eit samarbeidsmøte på Tjonebakken, Gransherad historielags hus, i Gransherad. Representantar for historielaga i Gransherad, Hjartdal, Jondalen og Notodden tok del, og i tillegg Lisa M Elle som representant for Heddal bygdetun og Industriarbeidermuseet.

Møte besto først og fremst i ein grundig presentasjon av dei ulike laga og omvisning i huset på Tjonebakken. Dessutan blei det lufta ein del idear om samarbeid i framtida.

Det var semje om at ein skulle vere flinkare til å informere mellom laga om aktivitetar og arrangement. Dess-

utan om at fleire slike møte skulle gjennomførast.

12.april hadde vi eit tilsvarande møte hos Notodden historielag i deira hus i Grønnebyen. Dei same laga møtte og praten gjekk vidare om Ihistorielagsdrift. Korleis ta vare på historisk materiale var eit tema, det samme var registrering av husmannsplassar. Omvisning i huset var også her eit viktig punkt på programmet. Særleg bildesamlinga til Notodden historielag var sentral på møtet.

Sjølvsgått var det oppdisking med kaffe og kaker på begge møta. Og nå til hausten er det vi i Hjartdal historielag som skal ver vertskap for eit liknande møte

Hjartdal historielags årbok 2015 - ei bokomtale

Ein av våre utanbygds medlemmer, Halvor Langåsdalen, skreiv før jul ei omtale av årboka vår. Av ulike grunnar/misforståingar kom denne aldri på trykk i avisra. Vi synest likevel medlemene bør sjå denne, da det er ein svært god gjennomgang av innhaldet i boka. Dessutan er vi sjølvsagt alltid glade for skryt :-)

Nok ein gong har Hjartdal historielag kome med ei svært interessant årbok. Den femte i rekka.

På framsida ynskjer Fjellbonden Øystein H. Bondal oss inn i huset og boka startar med Svein Bakkalia sin svært grundige artikkel om denne arbeidskaren, fjellbonden og, ikkje minst, kultureraren. Født og oppvaksen på Suigard Bondal der han og levde heile livet sitt. Artikkelen gjev ein grundig og levande innføring i livet på fjellgarden Suigard Bondal i fjellbygda Bondal før, under og etter krigen, med Øystein sitt liv fletta inn og som «vegvisar». Garden var ein fjellgard, rik på alt som høyrd til ein god fjellgard med stular, beite og fjellvatn. Det var god jord på Suigard Bondal, dei var sjølvforsynte med byggkorn, men avlinga svikta da åkersteinen vart fjerna! Ingenting er så gale at det ikkje er godt for noko! Øysteins utvikling frå smågut til arbeidskard og gardbrukar vert levande fortalt, kombinera med ei innføring i datidas skulegang, stulsliv, ungdomsliv, onnearbeid og seinare anleggssarbeid. Gjennom heile forteljinga om Øystein gjeng det ein raud tråd om ein særsværrik og positiv mann. Det høres ut som han likte alt slag arbeid og såg verdien i det. Samstundes som han såg verdien i å taka vare på det gamle på alle måtar, var han ein entusiast når det galt utvikling og framsteg. Han var også ein mann som meir enn gjerne delte med seg. Han samla ikkje gamle ting

«for å ha», men for taka vare på og synge fram for ettertida! At han ikkje stola på at det storsamfunnet og «museumsvesenet» hadde forstand på dette og ville taka vare på det å ein god måte, men sjølv bygde sitt museum, skal me alle vera særstakknemlege for. Det stend som ein bauta, på rett plass, over Øystein sitt litt liv og livsverk. Alt dette er fletta inn på ein ypparleg måte i Svein Bakkalia sin ytterst lesverdige artikkel.

Men årboka inneheld mykje meir og mykje anna. Aslaug Mosebø sin artikkel om Forkleas historie, er eit døme på at noko kan vera interessant om det ikkje er så stort, men like fullt ha vore viktig der og da. For meg var «førkle» det det var, daglegdags, nødvendig, men elles ikkje så interessant at det gjorde noko. Etter denne artikkelen ser eg nok nokon annleis på det! At Dei ulike typane forkle er omtala og rikeleg illustrert med bilete. Til og med smed-forkle har kome med!

Kari Skoland og Lisa Halvorsen sin vesle artikkel om Barndomsår i Hjartdal under krigen, kan saman med tidlegare årboks artikkel om far deira, kunstnaren Aksel Haugen, og årets artikkel av Olav Tho om Christian Stenersen-teatermålaren som blei hjartdalsven, stå som døme på både at hjartdølane har eit ope hjarte som tek vel i mot «flyktningar», men også at innflyttarar kan gjera kulturbymiljøet rikare. At Christian

Stenersen var svært allsidig, vert det gjeve rike døme på.

Alvoret i krigsåra kjem tydeleg fram i Kjell Klokkerud sin artikkel Han ga sitt liv - Trygve Nyheim. 25 år gamal vernepliktig deltok han i kampane i Vinjesvingen og seinare vart han med i motstandsgruppe. Har var ein flott representant for den modige og sterke ungdommen som ikkje veik unna for ein innsats for det dei trudde på at «frihet og liv er ett, så enkelt, så uundværlig som menneskets åndedrett» slik Nordahl Grieg formulera det! Bautaen over han og Torbjørn Våle ved Bergtun, med relief laga av Aksel Haugen, minner oss på dette kvar 17. mai, men det er og viktig å få kjennskap kva som faktisk hende, han vart drepen i eit forsøk på å redde dei andre! Artikkelen er viktig faktakunnskap!

Ivar T Dahl sine Bygdeglimt frå Tuddal, Sauland og Hjartdal er nettopp det dei er. At han har latt seg sjarmere av jentun på kommunehuset kan me nok forstå, men Olav Hanson si måling i Kleppen-stugo er vel meir interessant for historielaget? Bondeopprøret i 1540 er ei påminning om ei viktig tid som vart så ypparlege sett i scene på Sud-Århus for nokre år sidan. Laftekunsten, presentert ved loftet på Sud-Bøen, fortel oss at «dei kunne det før au!»

Nok ein artikkel som fortel om at «dei kunne det før» er den særslagsinnhaldsrike og gode artikkelen av Synnøve Våle, Stølsstell i Hjartdalsheiane. Ikke alle særroppgåver frå gymnasiet er på høgde med denne! Det startar med ein litt deprimerande tur innover fjellet der fleirtalet av stular ligg øyde, men så treffer ho folk som kan fortelje! Attgjevinga på dialekt er knakande god og gjev eit ekstra liv til fortelinja! Her vert det

praktiske stulsstellet, med alle sine fasettar, levandegjort og ei rekke omgrep frå dette kjem fram. Frå «åfåtet» under «meisetrygjen» til «kråkefet» som vart nytta til «tvugu»! For den som er så heldig at ein fekk oppleva ein liten flik av dette i barndommen er det ei stor oppleveling å lese artikkelen, velskriven og omfangsrik! Til slutt vert det «krydra» med mange gode historiar. Eg må berre få takke deg Synnøve!

Olav Langåsdalen sin artikkel om Lekkjenu ten supplerar Synnøve sin artikkel på ein god måte. Sjølv om mor mi nok aldri sat på denne stulen, var ho klar på at den var ein av dei beste i Hjartdalsheiane. At roet kunne sjå ut som ein åker når dei hadde mange naut, var ikkje så rart, men stulsroet er etter måten tørt og utsikten kan den dag i dag taka pusten frå ein. Olav Håtveit, på Nord-Håtveit som forfattaren av artikkel no eig, fortalte at dei køyerde ved på vinteren frå Sørensrodalen/ Su-Lauvhaugdalen inn til Lekkjenu ten. Ein gong var det slikt skareføre at da dei var komne opp Kleivsbrekka og på myrane nedafør Langhaug, tok dei av trugane på hesten, for skaren bar! At skaren seinare gjekk opp så dei måtte overnatte i eit sel på Su-Lauvhaug er ei anna sak. Olav gjev også tunneblekket den æra det fortener som reddar av mangt eit hus og stølbu! Grisehistoria er fornøyeleg, men at grisene eigentleg forstod alvoret da han blei truga med børse, har eg vindt for å tru. I slaktetida skjønna han seg i hvert fall ikkje på grisemaska!

Smør var ein viktig del av avdråten på stulen, men også resten av året. Ein god oppfylging av dette er Ingunn Hovdes sin artikkel Om smør og sosialt liv i Tuddal. Smørlaga,

dei fanst ikkje berre i Tuddal, var eit resultat av samvirketanken og tilskotsordningar til jordbruket. Dette var økonomisk avgjerande viktig og salet vart effektivisert. Ordninga omfatta nok også ein «kontroll» og kvalitets-sikring av det smøret dei selte. Dertil var det sosialt slik det så godt gjeng fram av artikkelen. På «smærddagen» møtte dei med «smaerklanken» sin, trefte sambygdingar og fekk seg ein god prat! At denne møte-tradisjonen vert halden oppe av pensjonistar, kan gjennom denne artikkelen vera ein inspirasjon for andre, som motvekt mot sosiale (?) mediar og TV.

Ei sosial ordning, om enn på ein heilt annan måte, var innføring av ulike former for offentleg helsevesen. Torkel Hytta, med fagleg og familiær band til offentleg helsevesen, har skrive artikkelen om Sauland legedistrikt 1860-1920. Her er, som forventa, grundig faktainnføring om alt frå fødselstang til omsorg for dei med den folkesjukdomen tæring. Folkemedisinen har og fenge sin plass, ikkje med «klokke koner», men med «bygdedoktorar»! Den tids «fastle-ge»?

Industri har det vel ikkje vore mykje av i Hjartdal, men når Audun Solberg gjeng langt nok attende finn han Småskala jernindustri på Skoje i Sauland. Me er kjent med etter måten omfattande jernvinning ved Møsstrond, mindre kjent er jernvinning i låglandet. Artikkelen syner at den som leitar den finn, så sant ein har kunnskap om det ein leitar etter!


At me har ein omfattande og lang folkemusikktradisjon i Hjartdal, er vel alle kjent med, mindre kjent er at det også omfatta langeleik. Anne Hauen Wagn tek for seg dette emnet i artikkelen Langeleiker fra Hjartdal. Ekstra morosamt er det at det var

prestekona Cesilie Lind som truleg kom med langeleikspelet til Hjartdal og at den vart vidareført spesielt av barnebarnet Kjersti Nordbø. Mor Sissel lærte dermed hjartdølane meir enn å bake brød i steinomn! Langeleiken var eit meir lågmælt instrument, som ofta vart traktera av kvinner, i motsetning til den meir høgrøysta hardingfela som for det meste vart traktera av menn. Det er eit paradoks at ein svenske, grunnleggaren av Nordiska museet, Arthur Hazelius, organisera innsamling av mange langeleikar, samt svært mykje anna «nasjonalt arvegods» som da enda i Sverige, men dermed og sytte for at det vart teke vare på for ettertida. Ein svært interessant artikkel for den historie- og folkemusikkintereserte!

Noko som opplagt var eit manns-tema var sagbruksverksemd. Halvor H. Sisjord skriv om Tverrås-saga. Det var ei oppgangssag som i mange år leverte skurd til dei i bygda som hadde tømmer i det området. Eg har sjølv ein gamal bordstubb som er skoren på oppgangssag, nokså sikkert skoren på denne saga, av Gunleik Finsekre som var min oldefar. At Halvor Sisjord krydrar saga om saga med ei tobakkshistorie, er ikkje ulikt han!

Hjartdal historielag har runda 25 år og det vert grundig omtala i årboka og dertil feira med utnemning av 3 nye heidersmedlemmer på Nordbø Pensjonat!

Det er berre å takke Hjartdal historielag for nok ei interessant og ytterst leseverdig årbok og for alt arbeidet dei legg ned «i nåtida – med fortida – for framtida»!



Bli med historielaget til Suigard Bondal – 25 juni!

Har du opplevd våren i Bondal og kulturlandskapet der når sommaren står for døra?

Har du vore på den gamle fjellgarden Suigard og sett deg om på det fantastiske gardsmuseet til Øystein Bondal, med små og store gjenstandar og reiskap som har fulgt garden i fleire hundre år? Kanskje du har vore her før, men berre må sjå alt dette enda ein gong?

Da kan du bli med historielaget til Bondal lørdag 25.juni. Stiftinga Bondal bygdetun og Hjartdal historielag vil denne dagen syne deg rundt på den gamle garden og museet, vi har lapskaus og kaffi til salgs og eit program for dagen vi heilt sikkert trur du vil like.

Nils Bondal tar med seg fela si så slåttemusikk nok ein gong vil bli å høyre utover fjellbygda. Bent Nilsen tar turen frå stulen på Finnvollen og vil fortelje om bondalsbygda og kulturlandskapet. Kanskje vil vi til og med få høyre nokre av våre eldre synge ei eller fleire folkeviser og fortelje ei god historie frå gammal tid.

Vil du vere med på dette, må du melde deg på og bli med i bussen som går frå Hjartdal bygdesentral kl 10, Saulandtunet kl 10.30 og Bøen Camping kl 11. Sjølv om du også kan bruke privatbil vil vi gjerne ha flest muleg i buss pga parkeringa. Bussen går tilbake frå Bondal i 16-tida.

OBS! Ta med deg ein campingstol!

Påmelding tidlegast råd til Thor Tveiten 95 46 77 99, Svein Bakkalia 97 53 54 68 eller Torgunn Opsal 46 94 45 21.

Kontingent 2016

Saman med dette bladet sender vi ut bankgiro for kontingenoten 2016.

Vi ser oss nøydde til å sette opp medlemskontingenoten til 300 kroner frå i år. Stor aktivitet i laget fører til auka utgifter. Vi vil samtidig halde fram med rimelege arrangement og gratis årbok for medlemmene.

Sidan det på denne måten er medlemskontingenoten som betaler mykje av årboka, ser vi gjerne at de hjelper med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på familie og kjenningar utanbygds!

Halvor Tjønn i Hjartdal historielag.

Tysdag 19.april vitja Halvor Tjønn Hjartdal historielag. Det var eit godt besøkt møte med 62 personar tilstades.

Temaet var vikingar i austreled. Dei som var tilstades fekk høre ein svært engasjert og kunnskapsrik foredrags-haldar som fortalte om vikingar som for austover. Han forklara korleis det utvikla seg til nære band mellom norske kongar og makthavarane i Novgorod i periodar fram mot høgmiddelalderen.

Ein fin kveld i historielagets regi.


Har du forslag på tema eller foredrags-haldarar du gjerne vil møte i Hjartdal historielag, kan du sende forslaget til styret, så vil vi sjå kva vi kan få til.



HJARTDAL HISTORIELAG

Leiar: Svein Bakkalia, Sjotmovegen 24, 3692 Sauland
Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje
Tlf.: 48237883 skoje@online.no
<http://www.hjartdalhistorielag.no>
Hjartdalbanken 2699 07 04332



Bladet blir sendt alle medlemmer
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet